



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Britt Solheim, 55 57 23 34

Vår dato
21.10.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/11013 461.1
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Oversending av klage på forureining frå avløpsanlegg i Lindås kommune

Vi viser til oversending av 9. september 2014 frå Jorun Borge, eigar av gnr. 238, bnr. 3 på Eknes.

Saka gjelder klage på avløpsleidningen til Jostein Smådal, eigar av gnr. 238, bnr. 55, som går over eigedomen til Jorun Borge. Det vert peika på at avløpsleidningen er plassert i terreng og berre er delvis nedgraven. Leidninga er difor til hinder for at eigar skal kunne køyre på deler av eigedomen sin. Borge fryktar at leidningen vil kunne fryse fordi den, etter hennar meining, ikkje er lagt frostfritt. I oversendinga til Fylkesmannen seier Jorun Borge at ho opplever at Lindås kommune ikkje gjer noko med saka og ber difor Fylkesmannen om hjelp.

Saka gjeld tilhøve som er omfatta av reglane i forureiningsforskrifta kapittel 12, der kommunen er gjeve mynde. Kommunen vil også vera klageinstans for eventuelle vedtak fatta etter kapittel 12.

Fylkesmannen oppfattar saka slik at dette gjelder eit utsleppsløyve gitt av kommunen på 1980- talet. Vi gjer merksam på at kommunen kan oppheve eller endre vilkåra i slike løyve i medhald av forureiningsforskrifta § 12-14. Kommunen kan stille meir konkrete vilkår i samsvar med dagens praksis for bygging av avløpsanlegg.

Fylkesmannen sender saken til Lindås kommune som er rette instans for vidare handsaming.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Britt Solheim
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Jorun Borge Eidavegen 207 5993 ØSTEREIDET

Vedlegg: Dokumenter sendt frå Jorun Borge